



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/240 - 18/11235

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:

25.07.2018

Oppdatert søknad om idrettsfunksjonell godkjenning - Turløype på Manger - anleggsnummer 54749

Det er gitt ein idrettsfunksjonell godkjenning for turløypa på Manger datert 19.09.2016. Turløypa skal byggast i tre trinn. Byggetrinn 1 er ferdig, byggetrinn 2 er planlagt bygd i 2018, mens byggetrinn 3 er planlagt bygd i 2019. Denne oppdaterte søknaden gjeldt i hovudsak etappe II då det er gjort endringar i løypetraseen til etappe II. Etappe II er på totalt om lag 625 meter. Heile turløype slik den er planlagt per dags dato har ein lengde på om lag 1890 meter.

Radøy kommune ønskjer at turløypa i så stor grad som mogleg skal vera tilrettelagt slik at den kan nyttast av alle. Det er samstundes fleire stadar i løypa der desse krava til universell utforming vert vanskeleg å oppretthalde utan for store terrenginngrep. Turløypa vil derfor tilpassast terrenget for å unngå store terrenginngrep i form av mellom anna sprenging. Det vert tilrettelagt med stikkveger slik at dei i rullestol og dei med barnevogn kan kome seg inn/ut av løype fleire stadar, og framleis nytte turløypa.

Etappe II går frå nordsida av idrettsbana gjennom bøkeskogen opp mot Prestegardshagen. Den går deretter nedover på nedsida av Prestmarka barnehage og langs veg på sørsida av idrettsbana ned mot klubbhuset. Det vart gjort endringar i traseen for å tilpasse turløypa betre til terrenget, og for å gjere mindre inngrep i både friområde og Prestegardshagen. Endringane i traseen vart gjort i dialog med Fylkeskommunen, idrettslaget og naboar.

Etappe II er delt inn i tre delar som vist i vedlagt situasjonskart (Vedlegg 1). Lengdeprofiler for de tre delane ligg også vedlagt (vedlegg 2 og 3).

Gjennom Bøkeskogen skal det byggast ein om lag 20 meter lang natursteinsmur. Her stig løypa mykje på korte avstandar. Muren vil ha ei snitthøgde på 1 meter. På det høgaste vil muren vera om lag 1,5 meter. Dette er eit stad i løypa der det vert vanskeleg å leggje til rette for universell utforming utan for store terreng inngrep. Brua vert tilpassa terrenget på staden for å unngå store terrenginngrep, men vert gjennomført med så lite stigning som mogleg ut frå forholda. Vedlagt ligg murprofil, illustrasjon og eksemel på natursteinsmura (Vedlegg 4, 5 og 6).

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Turløypa går som nemnt gjennom Prestegardshagen. Dette er eit område ein vil verne om så mykje som mogleg og det er derfor mogleg at turvegen vert noko smalare enn 2,5 meter her.

Radøy kommune har også hatt Fylkeskommunen på synfaring i løypa og vist korleis løypa er tenkt gjennomført. Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen var at de ikkje er imot at turløypa på de utsette stadane vert tilpassa terrenget.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- Vedlegg 1 - Løypetrase etappe 2
- Vedlegg 2 - Lengdeprofil etappe 2 del 1
- Vedlegg 3 - Lengdeprofiler etappe 2 del 2 og 3
- Vedlegg 4 - Murprofil
- Vedlegg 5 - Skisse - Bru gjennom bøkeskog
- Vedlegg 6 - Natursteinmur - eksempel

Kopi til:

Einar Færø

Mottakarar:

Bente Kopperdal Hervik